

B E R G S Ø Y I D R E T T S L A G .

Årsberetning for 1967/68.

Denne årsberetning omfatter Bergsøy Idrettslag's 24. rekneskapsår, nemlig frå den 12. november 1967 til den 3. november 1968. Det er i denne tid halde 5 ordinære styremøter, 1 medlemsmøte og 1 tillitsmannsmøte.

Aktiviteten i Bergsøy Idrettslag har i mange år bare dreia seg om fotball, og det er vel dette som er årsaka til at det har vore så vanskeleg å få oppslutning om laget sitt arbeid frå det breie lag i folket på øya. Men i løpet av siste året har det i allefall vorte ei lysning på dette området. Det er starta ei handballgruppe i laget, og som har delteke i kretsserien med damelag. Som det vil framgå av gruppa's årsberetning og rekneskap er det stor oppslutning ~~og aktivitet~~ om dette arbeid og aktiviteten har vore stor. Tilgangen på unge medlemmer i handballgruppa viser at dei unge har interesse og behov for å drive idrett. Med dei nye brusambanda har Ytre Herøy vorte ein så stor ~~region~~ og folkerik region at det er påkrevd å få utvida idrettsaktiviteten i laget med fleire grupper, ~~xxixixixix~~ for friidrett, symjing og mosjonsidrett, eller annan idrett om nokon har interesse av det. Får ein berre sett igong vil nok interessa melde seg etter kvart. Dess større aktivitet laget kan oppvise, dess større krav kan ein stille til stat og kommune om tilskot til drifta av laget. Økonomien i fotballgruppa er i år ikkje tilfredsstillande, drifta har gitt eit større underskot, og ein har vore nødt til å ta av midlar som er gitt laget til grusing av fotballbana, til å dekke underskotet med. Dette tilskot er frå Herøy Kommune kr. 1750,00 frå Sunnmøre Kredittbank kr. 1000,00 og frå Herøy og Leikong Sparebank kr. 500,00. Det er søkt Komuna om nye tilskot, men ein kan nok ikkje rekne med å få tilskot som monner, og det er derfor påkrevd straks å sette igong med tiltak for å skaffe pengar i kassa.

Fotball.

A-laget.

Førebuinga til fotballsesongen var kanskje ikkje den aller beste, dette viser resultatene av vårsesongen. Ein har i fleire år sakna ein trenar som kunne få orden og system i treninga. Dette har ein høve til å rette på til komande sesong idet Geir Grimstad har sagt seg villig til å trene laget eit års tid. Han har allereide vore i aktivitet og trena laget siste måneden før serien slutta. Og skal ein døme etter dei resultat som laget nådde i denne tid, so har nok treninga allereide bore frukter. Dersom dei aktive vil vise vilje til å yte sitt beste, og vil slutte opp om treninga so er eg ikkje i tvil om at laget neste år er modent for større oppgaver.

Seriestarten var i år den 28. april, og utfallet av vårkampane vart slik:

Bergsøy - Ørsta	1-2	Rollon	-Bergsøy	1-2
Bergsøy - Stranda	1-1	Volda	-Bergsøy	1-0
Bergsøy - Brattvåg	3-2	Spjelkavik	-Bergsøy	2-1
Bergsøy - Sykkylven	1-2			

Etter vårkampane var Ørsta på topp med 13 poeng, Spjelkavik hadde 10, Stranda 9, Sykkylven 7, Rollon 6 og Bergsøy på 6. plass med 5 poeng, deretter kom Volda også med 5 og Brattvåg sist med 3 poeng.

Plasseringa vår på langt nær trygg og det var med bange anelser ein såg fram til haustkampane, og starten her var heile ikkje oppløftande. Etter dei to fyrste kampane som begge enda med tap, mot Ørsta og Rollon, låg Bergsøy nest sist, berre 2 poeng føre Brattvåg. Men om vi var skuffa over resultatene til denne tid, så viste spelarane å samle seg til ein innsjutt det står respekt av: 5 strake vinnare til slutt, og 3. plassen var sikra, den beste plassering laget nokon gong har nådd, og dette gir rett til deltaking i cupen neste år, om ein ynskjer det.

Resultatet av haustkampane vart:

Ørsta	- Bergsøy	5-0	Bergsøy	- Rollon	1-2
Stranda	- Bergsøy	0-1	Bergsøy	- Volda	4-2
Brattvåg	- Bergsøy	0-9	Bergsøy	- Spjelkavik	3-1
Sykkylven	- Bergsøy	1-3			

Og sluttstillinga i 4.divisjon var dermed slik:

Kretsmester:	Ørsta	14	13-1-0	48-4	27 poeng
Nr.2	Spjelkavik	14	7-5-2	23-16	19 "
" 3	Bergsøy	14	7-1-6	30-22	15 "
" 4	Sykkylven	14	6-3-5	29-26	15 "
" 5	Rollon	14	5-3-6	20-22	13 "
" 6	Stranda	14	4-4-6	19-22	12 "
" 7	Volda	14	2-3-9	12-34	7 "
" 8	Brattvåg	14	1-2-11	14-49	4 "

Ørsta har kvalifisert seg for 3. div. og rykker opp, ingen sunnmørs-
lag rykker ned frå 3. div. og Volda vert dermed ståande i 4. div. ,
men Brattvåg må rykke ned. Nye lag i 4. div. neste år vert Vigra og
Valder som rykker opp frå 5. div.

I dei obligatoriske seriekampane har det vore nytta 20 forskjellige
spelarar og 3 av desse er juniorer, Kampantallet fordeler seg slik:

Asbjørn Myklebust ...	14	Jan Karsten Myrhol, junior	8
Jack Pettersen, junior	14	Kjetil Reite	7
Kjartan Fagerlund	13	Sigmund Paulsen	6
Oskar Wåge	13	Agnar Vike, junior	5
Knut Igesund	12	Eldar Eilertsen	4
Jostein Myklebust	12	Odd Berge	2
Ronald Moen	11	Kjell Karlsen	1
Kjell Almestad	9	Andreas Kvalsund	1
Sveinung Frøystad	9		
Gunnar Kjellstadli ..	9		
Asmund Myklebust	9		
Asbjørn Røsås	9		

Treningskampar for A-laget:

Bergsøy - Hareid	8-1	Hødd B - Bergsøy	1-5
Bergsøy - Herg	3-5	Hareid - Bergsøy	4-5
Bergsøy - Hødd A	1-8	Fåberg - Bergsøy	2-4
Bergsøy - Hareid	4-6		

A-laget har også i år vore på tur , denne gong til Lillehamar der laget
spela ein kamp mot 4. div. laget Fåberg.

Juniorkretslaget.

Det var også i år påmeldt to kandidatar til juniorkretslaget, nemleg
Jack Pettersen og Agnar Vike, Men berre Jack Pettersen vart inkalla til
juniorsamlingane, og han spela seg inn på kretslaget , men dette greidde
ikkje å kvalifisere seg til Horten-turneringa.

B-laget.

På grunn av det store antall spelara som laget rådde over i vår, vart det søkt om å få delta med eit B-lag i den såkalte Søre-serien. Dette gjekk i orden men Bergsøys lag fekk ikkje vere med i kampen om den oppsette pokalen, dette fordi laget deltar med lag i høgare serie. B-laget har gjort det meget godt, har tapt berre 2 av 9 kampar, og kom på 2. plass med 14 poeng same poengsum som Moltu, som kom på 1. plass på grunn av bedre målkvote.

Resultata av B-laget's kampar i Søre-serien:

Fiskå	- Bergsøy	4-7	Bergsøy	- Leikong	3-2
Moltu	- Bergsøy	3-1	Bergsøy	- Selje	5-1
Åheim	- Bergsøy	1-3	Bergsøy	- Gjerdsvik	4-2
Eidså	- Bergsøy	4-3	Bergsøy	- Mork	7-1
Larsnes	- Bergsøy	2-5			

Desse har delteke i kampane:

Erling Røren	9	Sigmund Paulsen	3
Jan Karsten Myrhol	8	Kjell Andersen	3
Ronald Karlson	8	Gudmund Hopen	3
Per Worren	7	Sveinung Frøystad	3
Geirfinn Goksøy	6	Harald Arnesen	3
Agnar Vike	6	Gerhard Hjelmseth	2
Henry Måløy	6	Jon-Inge Brevik	1
Trygve Fjørtoft	6	Ingvar Ingebriktsen	1
Aksel Berge	5	Per-Jan Vike	1
Andreas Kvalsund	5	Oskar Wåge	1
John Tellefsen	5	Jack Pettersen	1
Ottar Frøystad	4	Ronald Moen	1
		Eldar Eilertsen	1
		Odd Berge	1
		Arnstein Warholm	1
		Jan Dypvik	1

Ialt har 28 forskjellige spelara vore nytta, 10 av desse har og spela på A-laget.

Guttelaget.

Bergsøy stilte også i år med lag i gutteserien, som i år var inndelt i 4 avdelinger. Når ein tek i betraktning at laget vart plasert i ei avdeling saman med ÅFK, Hødd, Langevåg, Herd, Skarbøvik, Rollon og

Hareid, er 3. plassen i avdelinga etter ÅFK og Hødd ein sterk prestasjon.

Resultats av seriekampane:

Åfk	- Bergsøy	2-1	Bergsøy	- Skarbøvik	3-1
Herd	- Bergsøy	1-11	Bergsøy	- Langevåg	1-0
Hødd	- Bergsøy	3-1	Bergsøy	- Hareid	1-0
			Bergsøy	- Rollon	2-1

Treningskampar: Hødd + Bergsøy 2-2 , Bergsøy - Hareid 2-0

Idrøttsanlegget.

På klubbhuset har det i år ikkje vore gjort anna enn vanleg vedlike-
haldsarbeid. Huset er i god stand, men det hadde vore hyggeligare både
i og utanfor huset desom det vart oppkvikka med litt maling.

Frå Søre Sunnmøre Kraftlag er det komepålegg om å legge forsvarleg
jording til det elektriske anlegget i huset, dette bør gjerast før det
vert teke i bruk til våren.

Heller ikkje i år vart det noke av den sårt tiltrengde grusinga av
fotballbana. Grusdekket er i dårleg forfatning, og det bør gjerast eit
alvorleg forsøk på å få påført ny grus til våren.

Tillitsverv.

Formann: Eystein Botn
Nestformann: Aksel Berge
Kasserer: Ingvald Stenersen
Sekretær: Kjartan Fagerlund
Styremedlem: Asmund Myklebust
Varamenn: Oskar Wåge, Per-Jan Vike, Knut Reite.

Revisorer: Elias Hansen, Pedér Worren
Kontrollnemd: Elias Hansen, Finn Voldnes

Oppmann, fotball : Geir-Finn Goksøyr
UK - fotball : Egil Leikanger, Petter K. Pettersen, Kjartan Fagerlund.
Oppmannen har også assistert UK.
UK og oppmann guttelaget : Kjell Andersen

Representanter til fotballtinget: Egil Leikanger, Asmund Myklebust.
Bergsøy var ikkje representert då ingen av dei oppnemde hadde
anledning å reise.

På tillitsmannsmøte den 27. mars vart det dessuten gjort denne arbeids-
fordeling: Aksel Berge fekk til oppgave å ha overoppsyn med reingjeringa
i klubbhuset. Asmund Myklebust vart tilsett å ordne med legek kontrollen av
fotballspelarane. Per-Jan Vike vart formann for banenemda. Ronald Moen
vart vald til materialforvalter, og Knut Reite fekk til oppgave å ordne
med billettsalget på fotballkampane.

På vegne av styret vil eg takke alle medlemmer og tillitsmenn for det
arbeid dei har utført for laget, og ynskjer dei nye tillitsmenn all
lukke med det vidare arbeid for laget.

Fosnavåg den 2. november 1968

For Bergsøy Idrettslag

Eystein Botn